

## **Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 25.04.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen legg fram eit fagleg godt og oversiktleg planforslag, og er positive til prosessen kommunen har hatt med både forvaltninga, kommunen sine innbyggjarar og den aktuelle næringa i planområdet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner kommunen med dette planforslaget gjer eit nybrotsarbeid for å finne løysingar som kan balansere næringa sine behov for fleksible løysingar, samstundes som ein sett føreseielege rammer for å ta omsyn til andre verdiar i sjøareala. Her vil vi særleg trekke fram den heilskaplege konsekvensutgreiinga som eit godt bidrag.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til at planforslaget er i tråd med hovudmål i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, der ein har målsetnad om at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner det er positivt at kommunen har justert eksisterande akvakulturområder. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for verksemda. Utvalet understreker samstundes at kommunen ikkje kan sette andre vilkår til lokalitetsavklaring og innhaldet i søknaden enn det akvakulturlova opnar for.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget er eit positivt bidrag til ein heilskapleg forvaltning av sjøareala. Samstundes er det på fleire område noko uklårt korleis forslaga best kan gjennomførast i praksis. Det vil difor vere formålstenleg med eit arbeidsmøte mellom kommunen og forvaltningsmynde i fylkeskommunen for diverse avklăringer før endeleg vedtak av kommunedelplanen.
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at område VA7 bør reduserast eller justerast nordvestover innanfor omsynsone SOSI-kode H190, slik at anlegget ikkje kjem nærmare automatisk freda kulturminne og andre verneverdig kulturmiljø på land enn dagens situasjon.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at område VA2 bør reduserast i nordvest og grensa for sikringsone H190\_2 bør for VA2 trekkjast sørvestover frå Torvaneset til Ærevika på grunn av kulturminnene på Samnøy.